

Høyringsnotat – forslag til ny godkjenningsordning for ordlister og ordbøker i skulen

1 Bakgrunn

1.1 Innleiing

Godkjenningsordninga har heimel i opplæringslova §9-4 fjerde leddet, som lyder slik: «Ordlister og ordbøker til skulebruk skal godkjennast av Språkrådet.» Vi forstår lovteksta slik at ordninga gjeld norskspråklege ordlister og ordbøker på bokmål eller nynorsk og både trykte og digitale utgåver. Òg i digitale læringsressursar kan det inngå ordlister.

Det er Språkrådet som har ansvaret for å godkjenne ordlister og ordbøker til skulebruk, og ein del slike har vorte godkjende det siste tiåret, for bokmål etter rettskrivingsreforma i 2005, for nynorsk etter reforma i 2012. Ei liste over ordlister som er godkjende med gjeldande rettskriving, ligg her: <http://www.sprakradet.no/sprakhjelp/Skriverad/Ordlister/Ordlister-til-skulebruk/>.

Dei tidlegare institusjonane Norsk språkråd (1972–2004) og Norsk språknemnd (1952–1971) hadde ansvaret for dette arbeidet før. Reglar for utforming av ordlister som skulle godkjennast til skulebruk, vart utarbeidde så tidleg som i 1959. Reglane treng revisjon, m.a. fordi skiljet mellom hovud- og sideformer (klammeformer) er oppheva med dei siste rettskrivingsreformene.

Eit hovudpunkt i godkjenningsordninga har heile tida vore at ordlistene skal gje fullstendig og nøytral informasjon om valfridommen i rettskrivinga. Eit viktig mål er framleis å sikre kvaliteten på slike hjelpemiddel for skulen.

1.2 Behovet for endringar

Ordinga må tilpassast slik at ho høver digitale ordlister og ordbøker så vel som ordlister og ordbøker på papir. Språkrådet må klargjere kva krav som gjeld for at manusa skal bli godkjende.

Det er viktig både å sikre at alle søkjarar blir behandla likt, og å effektivisere godkjenningsprosessen slik at søknadsbehandlinga ikkje tek for lang tid. Dette ser vi som opplagde fordelar både for Språkrådet og for utgjevarane.

1.3 Innspel frå relevante aktørar

Språkrådet arrangerte eit arbeidsseminar 18.8.2014 om godkjenningsordninga for skuleordlister med deltakarar frå fleire forlag. Språkrådet la fram eit ønske om å bruke rettskrivingsdatabasane Norsk ordbank som kontrollverktøy i godkjenninga av ordlister. Dei fleste var interesserte i å bruke Ordbanken. Forlaga ønskte elles ei ordning som ikkje er for stram, men gjev fleksibilitet i utforminga av ordlister, og at behandlinga av godkjenningssøknader ikkje tek lang tid i Språkrådet. Språkrådet har òg fått skriftlege innspel til korleis godkjenningsordninga bør vere.

2 Forslag til godkjenningsordning med utfyllende merknader

På bakgrunn av innspela som kom i samband med møtet 18. august 2014, kjem Språkrådet med forslag om ny godkjenningsordning for ordlister og ordbøker til skulebruk. Forslaget er tenkt å vere prinsipielt og overordna, og vi kjem med utfyllande merknader til dei einskilde punkta nedanfor.

2.1 Forslag

Godkjenning av ordlister og ordbøker til skolebruk

- 1 Norskspråklige ordlister og ordbøker til bruk i skolen skal godkjennes av Språkrådet i henhold til opplæringsloven § 9–4.
- 2 Godkjenningsordninga for skoleordlister og -ordbøker omfatter både digitale og trykte utgaver.
- 3 Utgiveren skal kontrollere manus mot Norsk ordbank, bokmål eller nynorsk, før innsending, og manuset skal ellers leveres i et format som er avtalt mellom Språkrådet og utgiveren.
- 4 Manus til godkjenning skal samsvare med retningslinjer for kjernevokabularet for den aktuelle målgruppa i skolen.
- 5 Behandlingstid for godkjenning avtales mellom Språkrådet og utgiveren når det søkes om godkjenning.
- 6 Større revisjon av en digital eller trykt utgivelse skal sendes til Språkrådet for ny godkjenning.
- 7 Fortløpende oppdatering av digitale utgivelser, etter opprinnelig godkjenning, kan skje uten Språkrådets medvirkning, så lenge godkjente redigeringsprinsipper følges. Digitale utgivelser skal være tilgjengelige for Språkrådet for kvalitetskontroll.
- 8 Oppdateringer som innebærer ei tolking av normeringa av vedkommende målform, skal drøftes med Språkrådet. I slike tilfeller skal Språkrådet ha digital tilgang til oppdatert utgivelse for kontroll.
- 9 Dersom det ikke gjøres endringer i den godkjente utgivelsen, gjelder godkjenninga til neste (større) rettskrivingsendring.
- 10 Utgiver må opplyse på lett tilgjengelig måte om ei ordliste eller ordbok er godkjent av Språkrådet.
- 11 Språkrådet og andre sektorer som har ansvar for å informere om godkjente hjelpemidler til eksamen og heldagsprøver, skal opplyse om godkjente ordbøker og ordlister på sine nettsider.

2.1 Merknader til dei einskilde punkta

Opplæringslova § 9-4 (pkt. 1)

§ 9-4 i opplæringslova gjeld lærebøker og andre læremiddel, der femte leddet lyder: «Ordlister og ordbøker til skolebruk skal godkjennast av Språkrådet.» Godkjenningsordninga for ordlister har alltid vore praktisert slik at ho gjeld *norskspråklege* ordlister og ordbøker (ikkje t.d. tospråklege ordlister frå engelsk til norsk). Slike skuleordlister og -ordbøker er til bruk i alle fag, ikkje berre i norskfaget. Ordlistene/ordbøkene skal som andre læremiddel vere i samsvar med offisiell rettskriving.

Digitale og trykte utgåver (pkt. 2)

Godkjenningsordninga gjeld både digitale utgåver av ordlister og ordbøker og papirutgåver. Manuset må liggje føre i digital form, jf. pkt. 3.

Kontroll mot Norsk ordbank, format (pkt. 3)

Manuset til ei ordliste eller ordbok skal vere kontrollert mot rettskrivinga i Norsk ordbank når det blir sendt til Språkrådet. Det skal gjerast for å få sikker og effektiv automatisk kontroll av rettskriving, ordklasse og bøyning.

Ein finn Norsk ordbank her: <http://www.hf.uio.no/iln/om/organisasjon/edd/forskning/norsk-ordbank/> eller ved å kontakte Språkbanken, Nasjonalbiblioteket: <http://www.nb.no/Tilbud/Forske/Spraakbanken>.

Vi presiserer at framgangsmåten for automatisk kontroll mot Ordbanken ikkje er utvikla enno.

Formatet for ordlista eller ordboka skal avtalast mellom Språkrådet og utjevaren, dvs. dataformat/filformat og redigeringsprinsipp med oppbygging av ordartiklane.

Ordutval (pkt. 4)

Ordlister og ordbøker må ha eit minimumsomfang av ordutval for målgruppa av elevar. Det skal utarbeidast retningslinjer for kjernevokabular. Vi presiserer at slike retningslinjer ikkje er utarbeidde enno.

Revisjonar og oppdateringar (pkt. 6–8)

Punkt 6–8 gjev framgangsmåte ved større og mindre revisjonar og oppdateringar.

Kor lenge ei godkjenning varer (pkt. 9)

Ei ordliste/ordbok er godkjend fram til neste (større) rettskrivingsendring.

3 Vidare prosess

I denne omgangen ber vi om synspunkt på forslaget i pkt. 2.1. Vi må komme attende med konkrete forslag i ei eiga høyring når det gjeld tre saker:

- framgangsmåte for automatisk kontroll mot Ordbanken
- format, med redigeringsprinsipp
- retningslinjer for kjernevokabular

Dersom nokon har synspunkt på desse tre sakene no, tek vi gjerne imot dei òg.